



Holdvurdering av mjølkegeiter

Forfatter

Helga Kvamsås, Topp Team Fôring Geit

Hege Gonsholt, Topp Team Fôring Geit

Sammendrag

Holdvurdering er eit godt hjelpemiddel til å vurdere fettreservene til geita og bør alltid vere ein del av grunnlaget for korleis ein fôrar geitene i siste del av laktasjonen og i tørtperioden.

Publisert

2013

Referanse

Sau og Geit nr.4/2013

Utskriftsdato

03.12.2023 www.fag.nsg.no


Holdvurdering av mjølkegeiter

Holdvurdering er eit godt hjelpemiddel til å vurdere fettreservene til geita og bør alltid vere ein del av grunnlaget for korleis ein fôrar geitene i siste del av laktasjonen og i tørrperioden.

Dei ulike produksjonsstadiene hos mjølkegeitene heng nøye saman. Fôring og stell i siste del av laktasjonen og i tørrperioden verkar inn på mjølkeyting og mjølkekvantitet i neste laktasjon. Rett fôring og stell i denne perioden har mykje å seie for kvaliteten på råmjølka og livskraft og vekstevne til kjea som vert fødde.

Tørrperioden vert ofte for kort til å bygge opp godt hold

Det er vanleg at geiter mobiliserer opp til 1 kg av kroppsreservane per veke første månaden i laktasjonen og 0,5 kg per veke i andre månaden. Totalt betyr det ei mobilisering på opp til 6 kg i tidleg laktasjon, avhengig av mjølkeyting og fôrstyrke. Desse kroppsreservane skal byggast opp att, og unge geiter skal også ha dekk



næringsbehovet til tilvekst første og andre året.

Næringsbehovet til fostertilvekst er lågt fram til om lag dag 100 i drektighetsperioden, men stig raskt dei siste vekene før kjeing. Samstundes går fôropptaket ned fordi foster tek stadig større plass. Geiter med to eller fleire foster har sjeldan moglegheit til å bygge opp hold siste månaden før kjeing. Dersom geitene er i dårleg hold ved avsinning, vil ein tørrperiode på 8 veker bli for knapp til å bygge opp fettreservar. Planlegging av oppbygging av holdet på dyra må derfor starte i god tid før avsinning.

Det er ikkje mogleg å vurdere holdet hos geitene berre ved å sjå på dei. Det er heilt naudsynt å kjenne på dyra og vurdere feittlaget. Med litt øving går det raskt å sette holdpoeng - kanskje 0-15 sekund per geit.

Holdpoeng vert sett etter ein skala frå 1 til 5, der 1 er ei sjukleg tynn geit og 5 er overfeit.

Kilde: *Body Condition Scores in Goats* (2004). Viaquiran M., m.fl. Tilgjengelig fra http://www.luresext.edu/goats/research/BCS_factsheet.pdf

Topp Team Fôring Geit TINE
Helga Kvamsås
Hege Gonsholt

Innredning for sau, geit og storfe Strekkmessing



Korgen Mek Verksted AS

8646 Korgen

Tlf.: 75 19 11 90

Mob.: 47 32 26 65

Fax: 75 19 11 90

E-post: post@korgenmek.no

Holdvurdér geitene 2½ månad før avsinning

Er tørrperioden 8 veker, og geitene tynne, må ein planlegge fôringa slik at en del av holdoppbygginga kan skje dei siste månadane av laktasjonen.

SPINNVILT

rokker, spinneutstyr,
kardemaskiner, kammer m.m.
SPINNEKURS.

www.spinnvilt.no

2 ½ månad før avsinning:

- Holdvurdér alle geiter
- Ta grovfôrprøver
- Planlegg disponering av grovfôret
- Grupper geitene etter hold
- Planlegg fôringa i siste del av laktasjonen og tørrperioden
- Legg ein plan for avsinning

Hjelp til planlegging får du hos TINE Rådgiving



Holdpoeng 1

Veldig tynn

Ryggtakkar: lik tenner i eit sagblad.



Tverrutvokstrar: lett å gripe under, halve lengda er synlig.




Brystbeinet: ingen feittlag, det er lett å kjenne sjøve brystbeinet.



Holdpoeng 2

Tynn

Ryggtakkar: individuelle bein kan sjåast, men litt avrunda.



Tverrutvokstrar: kan gripe under med fingertuppane, ca. 1/4 del av lengda er synleg.



Brystbeinet: eit lite feittlag kan gripast mellom tommel og peikefinger, bevegast lett frå side til side.




Holdpoeng 3

Middels til godt hold

Anbefalt hold ved kjeing er 3,5

Ryggtakkar: ein kan sjå individuelle bein, men takkane er mjuke og avrunda (holdpoeng: 3,5).



Tverrutvokstrar: mjuke med tydelig feittlag. Først ved hardt trykk er det mogleg å få fingrane under.




Brystbeinet: har godt feittlag. Kan gripast rundt med tommel og pekefinger, men vanskeleg å bevege frå side til side.



Holdpoeng 4-5

Feit

Ryggtakkar: dekt med feitt, ryggraden kjennes flat.



Tverrutvokstrar: kanten er knapt synleg, dekt av feitt. Ikkje mogleg å trykkje fingrane under.



Brystbeinet: feittlag som er vanskeleg å gripe rundt. Kan ikkje bevegast frå side til side.